



KYSTHOSPITALET I HAGEVIK

Eit spesialsjukehus for planlagde operasjonar i musklar og skjelett (ortopedisk kirurgi)

Kvart år utfører vi

- 1700 - 1800 operasjonar i heile rørsleapparatet
- ca 11 000 polikliniske vurderingar hos legespesialist
- ca 14 000 røntgenundersøkingar

Vi tilbyr pasientane ei heilskapleg helseteneste med klinisk undersøking, behandling, pleie, mobilisering og vidare oppfølging.

Vi er ei forskings- og undervisningsavdeling ved Universitetet i Bergen. Sjukehuset har ansvar for utdanning av legar, sjukepleiarar, radiografar, fysioterapeutar og helsefagarbeidarar.



Velkomen til Kysthospitalet i Hagevik

På høgre side ser du korleis du finn vegen til oss. Hovudinngangen ligg på sjøsida av sjukehuset. Der melder du deg i resepsjonen i Pasientmottak for å registrera at du er komen. Deretter går du til poliklinikken sitt venterom i 2. etasje, og ventar der til du blir henta til legeundersøkinga og evt. til røntgenundersøking. Vanlegvis tek heile vurderinga mellom 30 og 60 minutt.




Det kan vera at du må utgreiast vidare før det blir bestemt kva slags behandling du skal få. Behandlinga kan være operasjon eller for eksempel medikament, trening eller fysioterapi. Du og fastlegen din vil få informasjon om dei ulike delane av behandlinga.



Dei fleste pasientane som skal opereras, blir kalt inn til operasjonsklarering 1-3 veker før operasjon.

Dersom du har spørsmål, eller ønskjer meir informasjon, kan du ringa oss på tlf 56 56 58 00.



Med buss (www.skyss.no)

...frå Bergen: Rute 600 til Tøsdalsskiftet → Rute 602/607 til Hagavik

...frå Halhjem: Rute 600 til Tøsdalsskiftet → Rute 602/607 til Hagavik

Det er ca 500 meter å gå frå busstoppet ned til sjukehuset.

Med bil

...frå Bergen: Følg E39 mot Halhjem/Stavanger til du kjem til rundkøyringa ved Uno-X bensinstasjon (ca 17 km etter Nesttun). Ta andre avkøyring og følg vegen 5,1 km til du ser sjukehuskiltet.

...frå Halhjem: Følg E39 mot Bergen. Ta første avkøyring i andre rundkøyringa etter tunnelen (ca 6 km fra Halhjem). Følg vegen 5,1 km til du ser sjukehuskiltet.

GPS: 60.179797, 5.394974

Andre reisemåtar

Kontakt Pasientreiser på tlf 05515.

Sjukehuset har

- ca 200 tilsette, mottaksseksjon, operasjonsavdeling, anestesiavdeling, oppvåkingsavdeling, sengeavdeling, fysioterapiavdeling, røntgenavdeling, laboratorium, kjøkken, vaskeri, reinhaldsavdeling, forsynings- og innkjøpsavdeling og teknisk avdeling.



Sjukehuset behandlar dei fleste lidingar i musklar og skjelett bortsett frå akutte skader. Dei største pasientgruppene er

- lidingar i hofte-, kne- og skulderledd som blir behandla med innsetting av protese og utskifting av protese
- lidingar i rygg som prolaps og trong ryggmargskanal, i tillegg til andre rygglyingar som blir behandla med implantat
- lidingar i skulder, kne, ankel, alboge, hofte, fot, hand, som enten blir behandla med "kikhols-kirurgi", eller med open operasjon.

Aviser kan du kjøpa i Pasientmottak kl 08.00-16.00 på kvardagar.

Internett Det er gratis trådløst nettverk på sengepostane, men det er dårleg dekning på poliklinikken.

Kantine finn du i 1. etasje. Open kl 10-15 alle kvardagar. Det er også automatar med ulike varer ved hovudinngangen.

Minibank Det er ikkje minibank på sjukehuset, men du kan betala både varar og eigenandelar med bankkort.

Adresse Hagaviksbakken 25, 5217 Hagavik

Telefon 56 56 58 00

www.kih.no